

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 23.01.2018
SAKSHANDSAMAR: Synnøve Teigeland og Kent E. Wangsvik m. fleire
SAKA GJELD: **Rapportering frå verksemda per november og desember 2017**

ARKIVSAK: 2017/196
STYRESAK: **004/18**

STYREMØTE: **08.02. 2018**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. desember 2017 til etterretning.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. desember 2017. Økonomisk resultat blir rapportert med utgangspunkt i tall per november. Helse Vest arbeider med å avslutte rekneskapen for 2017. Foreløpige rekneskapstall for 2017 skal rapporterast til Helse- og omsorgsdepartementet 1. februar 2018. Helse Vest RHF vil presentere foreløpige regnskapstall for 2017 i styremøtet den 8. februar.

Kommentarar

Administrerende direktør si vurdering

Helsefaglige indikatorar og sjukefråvær

Kort status pr desember 2017	Nasjonalt mål	Helse Vest
DRG aktivitet - % avvik målt mot i fjor	1,5 %	▲ -0,1 %
Gjennomsnitt ventetid behandla somatikk	60	▲ 58
Gjennomsnitt ventetid behandla BUP	60	▲ 41
Gjennomsnitt ventetid behandla PHV	60	▲ 36
Gjennomsnitt ventetid behandla TSB	60	▲ 38
Fristbrot behandla pasientar	0 %	▲ 2,3 %
Prosentdel korridorpatientar somatikk	0 %	▲ 1,4 %
Epikrisetid psykisk helsevern	100 %	▲ 86 %
Epikrisetid somatikk	100 %	▲ 85 %

Tabellen viser grad av måloppnåing denne perioden i høgre kolumnen og førre periode i venstre kolumnen.

Kort status pr desember 2017	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger HF	Helse Fonna HF	Helse Bergen HF	Helse Førde HF
DRG aktivitet - % avvik målt mot i fjor	1,5 %	▲ -0,1 %	▲ 2,2 %	▲ -2,8 %	▲ -0,9 %	▲ 0,8 %
Gjennomsnitt ventetid behandla somatikk	60	▲ 58	▲ 64	▲ 54	▲ 57	▲ 54
Gjennomsnitt ventetid behandla BUP	35	▲ 41	▲ 49	▲ 34	▲ 37	▲ 33
Gjennomsnitt ventetid behandla PHV	40	▲ 36	▲ 47	▲ 32	▲ 33	▲ 26
Gjennomsnitt ventetid behandla TSB	35	▲ 30	▲ 22	▲ 16	▲ 25	▲ 23
Fristbrot behandla pasientar	0 %	▲ 2,3 %	▲ 4,1 %	▲ 1,1 %	▲ 1,8 %	▲ 1,1 %
Prosentdel korridorpatientar somatikk	0 %	▲ 1,4 %	▲ 1,9 %	▲ 1,3 %	▲ 1,0 %	▲ 0,1 %
Epikrisetid psykisk helsevern	100 %	▲ 86 %	▲ 71 %	▲ 88 %	▲ 94 %	▲ 93 %
Epikrisetid somatikk	100 %	▲ 85 %	▲ 83 %	▲ 76 %	▲ 87 %	▲ 93 %

Tabellen viser grad av måloppnåing denne perioden i høgre kolumnen og førre periode i venstre kolumnen. Oversikt over grenseverdier er presentert i vedlegget.

Statusen på helsefaglege indikatorar per desember syner at utviklinga har betra seg noko dei siste månadene av 2017, både når det gjeld ventetider og fristbrot, men det er framleis einskilde målsettingar helseføretaka ikkje når.

Akkumulert økonomisk resultat per føretak

	November			Hittil pr. November		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	1 131	1 940	-808	12 621	17 094	-4 473
Helse Bergen HF	18 313	14 199	4 114	68 617	147 401	-78 784
Helse Fonna HF	16 453	3 332	13 121	8 989	36 665	-27 676
Helse Førde HF	5 201	1 239	3 962	-2 719	13 749	-16 468
Helse Stavanger HF	14 689	6 667	8 022	-10 125	73 333	-83 459
Reservar/fellestenester/finans	19 751	10 715	9 036	365 137	185 141	179 996
Administrasjon morselskap	-894	-465	-429	11 065	5 268	5 797
Helse Vest IKT AS	-1 316	2 468	-3 784	-330	-1 174	845
Til saman	73 329	40 096	33 233	453 254	477 475	-24 221

Alle tall i heile tusen

Ventetid

Ventetidsutviklinga per desember 2017 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 56 dagar, medan ventetida for dei som framleis ventar ved utgangen av månaden var 55 dagar. Ser ein på ventetidsutviklinga på fagområdenivå, sett opp mot dei regionale målsettingane som Helse Vest har satt, ser ein at utfordringane på regionalt nivå no er størst innan psykisk helsevern for barn og unge, målt opp mot den regionale målsettinga. På dei tre andre fagområda er regionen i hovudsak innanfor målsettinga.

Fristbrot

Etter at utviklinga i talet fristbrot for behandla pasientar i hovudsak peika feil veg fram til sommaren i 2017, har det mot slutten av året vore ei betring i prosentdelen fristbrot for regionen samla, både for ventande og dei som har starta behandling.

Korridorpasientar

I 2017 har prosentdelen korridorpasientar samla sett vore på om lag same låge nivå som tidleg i 2016. Det har vore litt forbetring i haust, og den samla delen på korridor ligg rundt 1,5 % innan somatikken. Innan psykisk helsevern er det svært få pasientar på korridor. Historisk har utfordringane med korridorpasientar innan somatikken vore størst i Helse Stavanger, men Helse Fonna ligg og på det same nivået.

Epikriser

Ser ein på utviklinga i prosentdelen pasientar som har fått epikrise innan sju dagar etter utskriving, så har utviklinga vore «flat» over fleire år for alle dei fire helseføretaka, både innan PH og somatikk. Helse Førde og Helse Bergen ligg nærmast den nasjonale målsettinga om 100% utsendt innan sju dagar. Epikrisetidene i denne saka er dei same som ved førre rapportering (per november).

Sjukefråvær:

Samla sjukefråvær for føretaksgruppa Helse Vest er på 7,78 % per desember 2017. Dette er identisk med desember 2016. Det er mindre sjukefråværsdagar i desember 2017 enn i desember 2016, men og samstundes mindre moglege dagsverk slik at dei relative forholda er identiske. Ein gledeleg utvikling er det for Helse Bergen, som med eit samla sjukefråvær i desember 2017 på 7,79 % har gått ned heile 0,61 % frå desember 2016.

Heiltid:

Den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten aukar frå november til desember med 0,11 %, opp frå 90,10 % til 90,21 %. Måltalet er 89,30 %. Helse Bergen har den største auken frå 89,30 % i november 2017 til 89,50 % i desember 2017. Totalt er det 6 826 medarbeidarar som har fått auka sin stilling sidan målinga tok til i desember 2010. Dette er ein liten nedgang frå november 2017, men liknande trendar ser vi i desember både i 2016 og 2015. Tala har historisk tatt seg opp igjen i januar månad.

Økonomi og finans

Helse Stavanger:

Helse Stavanger har eit resultat i november på kr 14,7 mill., som er om lag kr 8 mill. betre enn budsjett.

Dei totale inntektene er i overkant av kr 30 mill. høgare enn budsjettert. Det er eit positivt avvik på ISF-inntekter på kr 24 mill. i forhold til budsjett. Det skuldast positiv effekt på endeleg ISF-avrekning for 2016 på kr 13 mill. og ei auke i pris for PHV og TSB som utgjør om lag kr 5 mill. Det har i november vore eit høgare aktivitetsnivå på poliklinikk og dag- og døgnopphald enn budsjettert. I tillegg er DRG-indeksen for døgnopphald høgare enn budsjettert og høgare enn same periode i fjor.

Samla driftskostnadar for november viser eit meirforbruk på kr 23,5 mill. Det største negative avviket ligg på lønn inkl. innleige og utgjør om lag kr. 11,2 mill. For varekostnadar er avviket på om lag kr 7,4 mill. knytt til medikamentkostnadar, H-resept, gjestepasientar og fritt behandlingsval.

Andre driftskostnadar viser eit meirforbruk på om lag kr 7,2 mill. og skuldast fleire forhold som reparasjonar, vedlikehald, medisinteknisk utstyr og tolke-, vaskeri-, og konsulenttenestar.

Negativt avvik på lønn er i hovudsak knytt til variabel lønn, som skuldast meirforbruk av vikarlønn, overtid, innleige frå vikarbyrå og variable tillegg. Det er ei auke i brutto månadsverk både i forhold til førre månad og tilsvarande månad i fjor. Ein av årsakene er høgt aktivitetsnivå i november.

Føretaket har hittil i år eit negativt budsjettavvik på om lag kr 83,5 mill. Føretaket har positivt avvik på inntektene på kr 57,2 mill., som er knytta til aktivitetsbaserte inntekter og ISF-inntekter.

Dette er ikkje tilstrekkeleg for å dekke opp for driftskostnadane som viser eit negativt budsjettavvik på om lag kr 151 mill. per november. Avviket skuldast i hovudsak lønn og varekostnadar. Det negative avviket på lønn utgjer hittil i år kr 81,6 mill., og skuldast vekst i brutto månadsverk, overtid, variabel lønn og innleige som følgje av rekrutteringsutfordringar. Avviket knytt til varekostnadar er per november på kr 72 mill., og er i hovudsak knytta til auka medikamentkostnadar og høge gjestepasientkostnadar.

Føretaket har kontinuerleg fokus på å følgje opp tiltak som er sett i verk, forbetre ressursbruken og følgje opp kostnadane slik at drifta i størst mogleg grad blir tilpassa budsjetttrammene. Det er gjennomført ei ombygging på Kvinneklubben og det er flytta 1,5 årsverk til poliklubben. Det er planlagt å forbetre samarbeidet og flytte fleire polikliniske pasientar frå sengepost til poliklubben, og dette vil ha forventa effekt tidleg i 2018.

Det blir rapportert om god effekt på prosjektet «Ut før 13», eit kvalitetsprosjekt som tar sikte på at alle som skal skrivast ut, blir skrivne ut før klokka 13. Prosjektet skal føra til ein meir jamn pasientstraum, som vil føre til betre liggetid og betre logistikk. Føretaket har og eit kodekvalitetsprosjekt i Mottaksklubben som er i gang.

Helse Fonna:

I Helse Fonna er resultatet i november kr 13,121 mill. høgare enn budsjettet etter korreksjon for pensjonskostnadar.

Driftsinntektene i november viser eit positivt avvik frå budsjett på kr 12,69 mill. Dei aktivitetsbaserte inntektene viser eit positivt avvik på om lag kr 6,5 mill. og ISF-korrigeringa frå 2016 bidrar positivt med kr 2,9 mill. Andre øyremarka tilskot og andre driftsinntekter viser samla eit positivt avvik på om lag kr. 3,6 mill.

På kostnadssida er det eit negativt avvik knytt til kostnadar ved kjøp av varer og tenester i eigen aktivitet på om lag kr 3,4 mill. Varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 5 mill. og er i hovudsak knytt til onkologiske legemiddel og høgkost/biologiske legemiddel. Kjøp av offentlege helsetenester viser eit positivt avvik på om lag kr 2,4 mill. Personalkostnadane i november viser eit negativt avvik på kr. 4,574 mill. som skuldast innleige frå byrå og overtid/ekstrahjelp.

Føretaket har eit negativt budsjettavvik per november på kr 27,676 mill.

Føretaket arbeider med å redusere risikoen for fortsatt vekst i personalkostnadar ut over det som er planlagt. Det er fokus på å betre planlegginga og fordelinga av ferie, avspasering og permisjonar. Overtid skal på førehand vere avtalt med næraste leiar. Seksjonar og klubbar skal utarbeide tiltak for å halde seg innanfor budsjettet for personalkostnadar. Eit av tiltaka som er satt i gang er å bruke ressursar og kapasiteten betre på tvers av avdelingar og

sjukehus. I tillegg vil bemanningsressursane bli omprioritert for totalt sett å få ein betre bruk av dei samla ressursane.

Helse Bergen:

Helse Bergen har eit positivt budsjettavvik på kr 4,1 mill. i november. Sum driftsinntekter er kr 58,7 mill. høgare enn budsjettert. ISF-inntektene for november månad viser eit negativt budsjett avvik på kr 3,8 mill. Aktiviteten i november var lågare enn planlagt og har eit tilhøyrande negativt avvik i forhold til budsjett. Effekten av endringar i takstar for PHV og TSB var om lag kr 5 mill. og effekten av positiv ISF avrekning på kr 4,9 mill. dekker delvis opp for den låge aktiviteten.

Ein avsetning på kr 25 mill. knytt til refusjon av kostnader knytt til Hepatitt C og positive avvik knytt til tilskot og refusjonar bidrar til det positive avviket på inntektssia.

Sum driftskostnader viser eit meirforbruk på kr 47,4 mill. for november månad. Største del av avviket er knytt til lønnskostnader og einingane er bedt om å analysere og rapportere avvika på lønnskostnader for november. I tillegg er det kostnader ut over budsjett knytta til vedlikehald av medisinteknisk utstyr og kjøp av IKT-tenester.

Hittil i år har føretaket eit negativt budsjettavvik på kr 78,8 mill. Sum driftsinntekter syner eit positivt budsjettavvik på kr 46,8 mill. per november. ISF inntektene viser eit negativt resultat per november på kr 101,7 mill. Dette skuldast delvis lågare aktivitet enn planlagt, samt eit vesentleg negativt inntektsavvik for H-reseptar.

Driftskostnadane viser eit negativt budsjettavvik på kr 142 mill. per november. Det negative avviket på varekostnader ligg i hovudsak på meirforbruk knytt til medisinar, implantat, hjerteventilar, pacemaker, instrumenter og laboratorierekvisita. Nær 35% av avviket er knytta til høgare kostnader enn budsjettert for H-resept legemidlar.

Føretaket arbeider kontinuerleg for å redusere risikoen knytta til å nå budsjettert resultat for 2017. Aktivitetsnivået etter elleve månadar er lågare enn planlagt innan somatikk, og føretaket melder at det ikkje vil vere mogleg å nå sitt budsjetterte aktivitetsnivå for 2017. Omlegginga av aktiviteten gjer det nødvendig med strukturelle tiltak i føretaket og det er sett i gang endrings- og omstillingsprosjekt i samband med budsjettarbeidet for 2018. Tiltaka vil gje ein reduksjon i tal senger og ein auke i areal til poliklinikk og dagaktivitet. Saman med ein optimal bruk av Mottaksklinikken skal dette gjere kostnadsnivået betre tilpassa endringane i aktiviteten.

Helse Førde:

Helse Førde har i november eit positivt budsjettavvik på kr 4 mill. Det har vore høgare aktivitet enn planlagt i november som har ført til høgare inntekt frå H-resept ISF-aktivitet enn budsjettert.

Sum varekostnader og personalkostnader er høgare enn budsjettert og har eit negativt avvik på om lag kr 1,9 mill. og kr 1,4 mill.

Hittil i år har føretaket eit negativt budsjettavvik på kr 16,5 mill. Hovudårsaka til avviket skuldast svikt på inntektssia som per november utgjer kr 15,7 mill. Føretaket har lågare ISF-inntekter som skuldast blant anna lågare inntekter frå H-reseptar, delar av dette skuldast sein godkjenning av medikament til behandling av hepatitt C og at dei ikkje blei inkludert i DRG-systemet.

I tillegg er inntekter frå poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, samt eigenbetaling frå pasientar, lågare enn budsjettert. Per november er samla personalkostnadar om lag kr 1,4 mill. høgare enn budsjett, avviket har kome i november.

Helse Førde arbeider vidare med eksisterande tiltak samt utarbeidar nye tiltak som skal gi økonomisk effekt i 2018. Føretaket har blant anna lagt avgrensingar på reise, kurs og overtid. Føretaket arbeider med å innrette budsjettet for 2018 i tråd med gjeldande aktivitetsnivå.

Prognose

	Heile året		Budsjett avvik
	Prognose	Budsjett	
Sjukehusapoteka Vest HF	17 000	17 000	0
Helse Bergen HF	100 000	160 000	-60 000
Helse Fonna HF	20 000	40 000	-20 000
Helse Førde HF	-12 500	15 000	-27 500
Helse Stavanger HF	0	80 000	-80 000
Reservar/fellestenester/finans	375 000	0	375 000
Administrasjon morselskap	0	0	0
Helse Vest IKT as	1 000	1 000	0
Til saman	500 500	313 000	187 500

Alle tall i heile tusen

Alle føretaka opprettheld prognosen for året frå førre rapportering. Prognosen for føretaksgruppa er kr 500,5 mill. som er kr 187,5 mill. høgare enn budsjettert.

Vedlegg:

1. Tallgrunnlag og analyser